

## Årsmelding 2025: Kontaktutval for innvandrere og flyktingar (KIF)

**Rådjevande funksjon:** Utvalet er eit bindeledd og høyringsorgan i saker som vedkjem innvandrare- og flyktingfeltet i Stord kommune.

### Møteverksemd

Utvalet har i 2025 gjennomført totalt fire møte. Møteverksemda har vore delt mellom administrative møte og synfaringar/dialogmøte:

To av møta vart gjennomførte på **Stord Rådhus** i februar og november 2025. To av møta vart gjennomførte på **Stord mottakssenter** i mai og september 2025.

### Sentrale saker og aktivitetar

- **Dialog med Stord mottakssenter:** Gjennom møta på mottaket har utvalet fått innsikt i drifta, aktivitetstilbod og kvardagen for bebuarane. Dette har vore viktig for utvalet sitt arbeid med å forstå behovet for integrering i lokalsamfunnet.
- **Dialog med Frivilligsentralen:** Det er etablert dialog med Stord Frivilligsentral. Utvalet har ein konkret plan om å invitere dei til eit informasjonsmøte i 2026 for å utdjupa samarbeidet og deira rolle i integreringsarbeidet.

### Organisering

I 2025 har utvalet vore leidd av **Anne Kristin Aaseth**, med **Sara Brosvik** som koordinator og referent.